

STANDARD LEVERINGSVILKÅR FOR ELEKTRISK KRAFT TIL NÆRINGSKUNDAR

Gjeldande frå 16.02.2015

Desse standard leveringsvilkåra for elektrisk kraft gjeld mellom SFE Kraft AS og kundar som ikkje er forbrukarar i.h.t. definisjonen av forbruker i §1 i lov om forbrukarkjøp av 21. juni 2002 nr. 34.

1 - Avtaledokument og definisjonar

Avtala mellom partane består av følgjande dokument:

- A. Avtale om kraftpris. Denne vert nytta når det vert inngått avtale om fastpris eller prismodell for ei særskild leveringsperiode. Stadfesting av ordre er å rekne som Avtale om kraftpris.
- B. Desse alminnelege vilkår. Det som står i Avtale om kraftpris gjeld ved motstrid alltid føre det som står i Alminnelege vilkår. Oppstår det tvil om tydinga av omgrep og uttrykk som er brukt i desse Alminnelege vilkår, skal dei definisjonane ein finn i definisjonslista som står til slutt i desse Alminnelege vilkår leggest til grunn.

2 – ØKONOMISKE VILKÅR

2.1 - Avtale om kraftpris

Avtala gjev SFE Kraft AS (heretter kalla SFE) rett til å avrekne kunde for kunde sitt uttak av elektrisk kraft i høve til dei avtalte prisane og vilkåra mellom partane. SFE står økonomisk ansvarleg ovanfor den avrekningsansvarlege for det uttaket av elektrisk kraft som skjer til leveringsadressa (målepunkt-ID'ane) til kunde i avtaleperioda.

SFE fråskriv seg eitkvart ansvar for skader og tap den elektriske krafta, også uteblitt elektrisk kraft, måtte påføre kunde eller kunde sine medkontrahtenter. Med mindre anna er særskilt avtala mellom partane, skal avtala omfatte avrekning for alt elektrisk kraftforbruk som kunden har på leveringsadressa/leveringsadressene sine i avtaleperioda.

2.2 - Erstatningsansvaret til SFE Kraft AS for feil når avtala vart inngått

Dersom SFE som følgje av svikt i eigne rutinar ikkje har registrert ein kunde som SFE har gyldig avtale om kraftpris med, og feilen heilt eller delvis ikkje skuldast tilhøve på kunden eller nettselskapet si side, er SFE ansvarleg for eventuelle meirkostnader som kunden har ved at kunden er avrekna etter ein høgare kraftpris av annan avtalepart eller av nettselskapet etter konsesjonsvilkåra om leveringsplikt.

2.3 - Oppseiing av kunde si løpande avtale om kraftpris i samband med overgang til avtale om kraftpris med SFE Kraft AS

SFE seier opp den løpande avtala til kunde med eksisterande kraftleverandør(ar), gitt at SFE Kraft AS har fått fullmakt og tilstrekkelege opplysningar frå kunde til å foreta oppseiing. Dersom leverandørskifte vert forseinka, eller ikkje kan gjennomførast på grunn av tilhøve nemnt i dei føregåande ledda, er SFE ansvarsfri for tap kunde måtte ha i samband med saka.

2.4 Prisgrunnlag og meldeplikt

Kunde er innforstått med at prisar og honorar i avtala er basert på forventa volum og forbruksprofil. Om ikkje anna er avtala, kan avvik

i forbruksprofil (ubalanse) kunne medføre endring i prisgrunnlaget. All finansiell handel skjer til marknadspris innan den aktuelle handelsdagen. Ved endring i volum og/eller forbruksprofil skal kunde melde frå til SFE. Dersom volum og/eller forbruksprofil estimert av kunde har avvik frå det som er føresetnaden, har SFE rett til å fakturere ein pris som samsvarer med det faktiske uttaket og/eller forbruksprofilen.

2.5 – Betalingsvilkår, forseinkingsrente og inkasso

Dersom ikkje anna er avtalt vil alle fakturaer forfalle til betaling 14 dagar etter fakturadato. Rettidig betaling har funne stad dersom fakturabeløpet er valutert på den oppgjevne bankkonto seinast på forfallsdato. Forseinkingsrente påløper ved betaling etter oppgjeven forfallsdato på faktura i samhøve med lovbestemt rentesats i lov om renter ved forseinka betaling av 17. desember 1976 nr. 10. Inkasso skjer i samhøve med inkassolova av 13. mai 1988 nr. 26. Ved konkurs eller ved oversending av varsel om inkasso kan SFE stanse alle leveringer under denne kontrakt utan førehandsvarsel.

Gebyr på innbetaling frå utland vert fakturert kunde

2.6 - Valuta

Alle fysiske og finansielle handlar vert fakturert i NOK dersom ikkje anna er avtalt. Eventuelle finansielle posisjonar vert handla og notert i Euro fram til fakturadato dersom ikkje anna er avtalt.

2.7 - Avgifter

Kunden betalar dei til ei kvar tid gjeldande offentlege avgifter som er pålagt omsetning og forbruk av elektrisk kraft. Dersom avgiftssystemet eller satsane vert endra i avtaleperioda, vil SFE korrigere sine satsar tilsvarende. Kundar som etter forskriftene er fritekne for avgifter, må dokumentere for SFE at dei har rett til avgiftsfritaket. Dersom SFE skulle bli etterrekna av avgiftsstyresmaktene for avgifter som kunden feilaktig har fått fritak for, tek SFE atterhald om retten til å krevje det aktuelle beløpet refundert av kunden.

2.8 - Elsertifikat

SFE Kraft er pålagt av myndigheitene å kjøpe elsertifikat for ein del av kunden sitt kraftforbruk i Norge og Sverige. Størrelsen på andelen som er sertifikatpliktig varierer over tid. Kostnader, påslag og omkostningar vert belasta kundar som er sertifikatpliktige. Netteigar definerer kven som er sertifikatpliktig.

3 – OPPSEIING, MISLEGHOLD OG OPPGJER AV FINANSIELLE KONTRAKTAR

3.1 - Oppseiing

Dersom ikkje anna er avtalt i eiga avtale, har kunde og SFE Kraft AS ein gjensidig en (1) månads oppseiingstid frå den dato oppseiinga er motteken hos den andre part. Dersom kunde har sagt opp avtaleforholdet, men SFE framleis er registrert som leverandør hos netteigar, vert kunde overført til innkjøpspris for ein månad av gangen inntil leverandørskifte er gjennomført. I slike høve er SFE Kraft sitt påslag på innkjøpspris 2 øre/kWh.

STANDARD LEVERINGSVILKÅR FOR ELEKTRISK KRAFT TIL NÆRINGSKUNDAR

Gjeldande frå 16.02.2015

3.2 - Misleghald

Dersom kunde mislegheld sine forpliktingar i leveringskontrakta, skal kunde erstatte SFE for tapt inntekt (honorar) og eventuelle andre påførte kostnader. Dersom SFE misligheld sine forpliktingar i leveringskontrakta, kan kunde ha rett til erstatning. Vesentlig misleghald frå ein av partane kan resultere i heving av leveringskontrakta av den andre part.

3.3 – Oppgjer av finansielle kontraktar

Dersom kunde eller SFE seier opp leveringskontrakta, er hovudregelen at eventuelle finansielle kontraktar som går lenger enn oppseiingsperioden vert realisert innan ei veke etter dagen for mottatt oppseiing. Realisert gevinst/tap vil verte kreditert/debitert Kunde, med fråtrekk av rentekostnad ved sluttavrekning av kundeforholdet (Nibor +/- 1%). Ved oppseiing frå kunde, kan kunde alternativt samtidig med oppseiinga be om overføring av eventuelle ikkje realiserte finansielle kontraktar til ny leverandør. Aksept frå ny leverandør med nødvendige kontaktpersonar og kontaktinformasjon skal i slike tilfelle leggest ved oppseiinga, slik at overføring av dei finansielle kontraktane kan finne stad innan ei veke etter mottatt oppseiing. Ved overføring av ikkje realiserte finansielle kontraktar til ny leverandør vil SFE belaste kunde med eit oppgjeringsgebyr på 0,15 øre/kWh på overført volum i tillegg til eventuelle avtalte handelspåslag.

3.4 – Flytting, frikjøp frå avtale med fast pris og/eller avtale med til dato. (*gjeld ikkje finansielt*)

- Avtale med fast pris og/eller til dato skal gjelde for det tidsrom som er fastsett i avtala. Dersom kunde flyttar før avtaleperioda er ute, får kunde fullføre avtala på ny adresse. Dersom kunde ikkje ønskjer å fullføre avtala ut avtaleperioden, kan kunde kjøpe seg fri frå avtala. Frikjøp frå avtala kan skje mot å erstatte det tap som SFE lir ved at avtala ikkje går ut avtaleperioda. Frikjøpsbeløpet vert berekna som differanse mellom områdeprisen i det prisområdet uttaket skjer på den dag frikjøp krevjast av kunde, og den prisen som gjeld i avtala mellom kunde og SFE Kraft AS. Denne differanse blir multiplisert med avtalt, eller antatt kraftuttak frå den dag frikjøp gjeld frå, og ut den perioden som den tidsbegrensa avtala gjaldt for. Minimum frikjøpsbeløp er kr 1 500.

3.5 – Flytting, utleige eller sal av lokale, eigedom eller verksemd

Leveringskontrakta følgjer kunde. Melding om flytting må straks meldast til SFE og lokalt nettselskap, samt til lokalt nettselskap ved ny leveringsadresse. Meldinga til SFE skal innehalde kundenamn, kundenummer, nytt målepunktID, ny anleggsadresse og ny fakturaadresse. Utleige eller sal av lokale, eigedom eller verksemd, eller endring i slik verksemd, skal straks varslast til SFE og lokalt nettselskap.

4 – GENERELLE VILKÅR

4.1 - Kredittvurdering, depositum m.m ved avtalestart og seinare.

SFE inngår avtale med kunde på vilkår av at kunde er betalingsdyktig. Kunde godtek at SFE kan innhente

kredittvurdering av kunde. Dersom kredittvurderinga syner at det er fare for mislighald kan SFE avvise bestillinga, eventuelt seie opp avtala, eller krevje depositum/bankgaranti og forskotsbetaling. Ved endringar i kunde si kredittverdighet, eller dersom det blir endring i andre forhold som etter SFE si meining aukar fare for betalingsmislighald i løpet av avtaleperioda, kan SFE krevje sikring for betaling eller overgang til forskotsbetaling. Dersom eventuelle krav om sikring ikkje kan oppfyllest har SFE rett til å seie opp avtala utan opphald. Leveransen blir ikkje oppretta på nytt før betalingsmislighaldet er ordna.

4.2 – Måling og avrekning

Måling av effekt og energi for leveransane av elektrisk kraft vert utført i samsvar med netteigar sitt regelverk.

4.3 - Teieplikt

Partane, dei tilsette hjå partane og andre hjelpearar partane måtte ha engasjert, har plikt til å teie om alt som vedkjem drifta og forretningstilhøva for den andre part. Unntaket er det som er alminneleg kjent, eller offentleg tilgjengeleg informasjon. Dette er ikkje til hinder for at SFE kan nytte eigen kunnskap om kunden i samband med kredittvurdering, eller at SFE kan gje opplysningar om kunden til offentlege styresmakter som har heimel i lov til å krevje opplysningar.

4.4 - Force Majeure

Dersom det skjer ein uforutsett situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll og som gjer det umogleg for vedkomande part å oppfylle kontrakta, blir ikkje kontrakta sett på som misleghelden så lenge situasjonen varer og i inntil 30 arbeidsdagar etter at den har opphøyr. Dersom denne situasjonen varer eller den blir antatt å vare meir enn 30 dagar, kan kvar av partane seie opp kontrakta med 10 dagars varsel.

4.5 - Overdraging

Denne kontrakt kan ikkje overdragast utan den andre part sin skriftlege godkjenning.

4.6 - Tilslutning

Dersom Kunden har heileigde firma som på eit seinare tidpunkt ønskjer å inngå kraftleveringsavtale med SFE, har kunde rett til å krevje dette på tilsvarande vilkår.

4.7 – Tvistar

Alle tvistar som måtte oppstå mellom partane under avtala skal avgjerast etter norsk rett og med Fjordane Tingrett som verneeting.

4.8 – Endringar i alminnelege vilkår

SFE AS kan endre desse alminnelige vilkår. Endringar blir kunngjort med 14 dagars varsel på tenleg måte.